



Uskedal 2 og SIF 2 i avslappa forbrødring etter kampen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Mange slags folk er på vitjing i den forsommarfagre Uskedalen denne helga, mellom andre to fotball-lag frå Stavanger Idrettsforening - fulle av pågangsmot og framtidstru.

Det er miniputt-laga SIF 1 og SIF 2 med eit imponerande støtteapparat og dei imponerte stort i solsteiken på Heio laurdag ettermiddag. Ein skal ikkje leggja for mykje vekt på resultatane når spelarane er fødte i 2000 og 2001, og slett ikkje offentliggjera dei. Men så mykje kan vi røpa at både det eine laget frå Rosendal og dei to frå Uskedalen som stilte opp i ei improvisert turnering hadde store vaskar med å halda ballane frå siddisane borte frå målmaskene.

Men så var dei da også leia av ei uskedeling, nærare bestemt Rune Nilsen, som i si tid var storspelar for Stavanger Idrettsforening i ein tiårsperiode og i tillegg spela to år på Bryne.

No er han eigar av Stavanger Elektro og hovudsponsor for SIF saman med restauranteigar Øyvind Ekeland. Og så går han med liv og sjel inn for å hjelpa fram unge talantar.

- Særleg 2001-laget er eit kanonlag, det har vunne med opptil 15 mål, sa Rune. No er han også sterk optimist på vegne av A-laget og trur fullt og fast at det klarar opprykk til 1. divisjon denne sesongen. Laget tapte opprykkskampen på målstreken i fjor.

Det var sjølvsagt Rune som sto bak siddisane sin utflukt til Uskedalen og som dermed utløyste turneringa. Det var eit høgst utformelt og triveleg fotballtreff hvor til dømes talet på spelarar som var utpå til einkvar tid ikkje spela all verdens rolle.

Hvis det røyna på for dei lokale spelarane, ga Nilsen i SIF på staden godkjenning til motparten for å "hiva innpå" fleire. Ved eit høve telte vi såleis åtte rosendingar som kjempa mot fire SIF-spelarar!

Men ellers vart det ei skikkeleg gjennomkjøring for dei unge rekruttane. Og ikkje berre for dei. Det var 12 unge spelarar med frå SIF og like mange vaksne. Dei vaksne stilte til slutt opp mot kvarandre. Den dysten fekk vi ikkje høve til å sjå, men rapportane tyder på at den hadde høgare underhaldningsverdi enn sportsleg verdi.

Av Ola Matti Mathisen



Uskedal-laget hadde betre tak på rosendingane enn på siddisane Her plukkar Rosendal-keeparen ein Uskedal-ball ut av nota. (Foto: Ola Matti Mathisen)